

Til landets kommuner

Rundskriv IS-3/2017

Kriteriedata for inntektssystemet 2018

Registrering av tal på personar med psykisk utviklingshemming i kommunane

Dette rundskrivet erstattar rundskriv IS-3/2016.

Tal på registrerte personar med psykisk utviklingshemming pr. 01.01.2017 er med og dannar grunnlag for utrekning av rammetildelinga i inntektssystemet for 2018. Som grunnlag for kriteriedata for inntektssystemet 2018, skal alle kommunane sende inn tal pr. 01.01.2017.

Det vi ber kommunane å registrere og sende oss, er antall personar som:

1. a) har diagnostisert psykisk utviklingshemming eller Downs syndrom, eller
b) har ein diagnostisert sjeldan tilstand/kromosomlidelse som medfører psykisk utviklingshemming (Retts syndrom, Angelmans syndrom, Cri du Chat syndrom, Cornelia de Langes syndrom m.fl.), eller
c) har skriftleg stadfesting frå lege på at tilstanden til vedkommande oppfyller diagnosekriteriene for psykisk utviklingshemming i ICD-10 F70-F79
2. er fylt 16 år pr. 01.01.2017
3. pr. 01.01.2017 har vedtak om tenester etter helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 første ledd nr. 6, herunder BPA etter § 3-8, eller får omsorg av ein person som er tildelt omsorgsløn for dette etter helse- og omsorgstenestelova § 3-6.

Unntak

Kommunen skal ikkje registrere personar som:

- a. bur i ein av Landsbystiftelsen sine bukollektiv eller landsbyar
- b. personar som det vert gitt vertskommunetilskot for; sjå oversikt over kommunar som får vertskommunetilskot i vedlegg nr. 1.

Nærare om registreringa

Den kommunen der personen bur og får tenester (heimkommunen), og som pr. 01.01.2017 har det økonomiske ansvaret for tenestene til personen, skal registrere personen. Der heimkommunen kjøper tenester til vedkommande i ein annan kommune eller frå private aktørar, skal heimkommunen registrere personen.

Dersom ein person oppheld seg og får tenester i to ulike kommunar, og begge kommunane pr. 01.01.2017 har fatta vedtak om tenester til personen, skal det føreligge ein avtale mellom kommunane om kva for ein kommune som registrerer personen.

Registreringa skjer i Altinn-skjemaet «Registrering av tall på personer med psykisk utviklingshemning». Kommunen (den personen som har fullmakt) fyller ut skjemaet, signerer og sender det inn til Helsedirektoratet gjennom Altinn.

Kontroll av registrering

Kommunen har sjølv ansvaret for at registreringa er korrekt. Kommunens revisor skal kontrollere at registreringa er gjort slik det står i rundskrivet. Revisor og rådmann signerer på skjemaet vedlegg 2 til rundskrivet. Skjemaet skal oppbevarast i kommunen for evt. seinare kontroll.

Tidsfrist

Frist for registrering og innsending i Altinn er 15. april 2017.

Spørsmål

Kontaktperson for spørsmål er Elin S. Kitmitto, tlf. 24 16 32 40, epost esk@helsedir.no

KOPI:

Den norske Revisorforening, post@revisorforeningen.no

Norges Kommunerevisorforbund, post@nkrf.no

Helse- og omsorgsdepartementet, postmottak@hod.dep.no

Kommunal- og moderniseringsdepartementet, postmottak@kmd.dep.no

Landets fylkesmenn